



Saksframlegg

Søknad frå næringsfondet om tilskot til ammekufjøs på Håsum

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		10.09.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Søknad om tilskot medfylgjande prosjektbeskrivelse frå Fjøsssystemer, kostnadsoverslag, driftsplan og fjøsteikningar

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskudd til isolert ammekufjøs.docx
- 2 Oversikt over utbetalningar frå næringsfondet til fjøs

Bakgrunn for saka:

Anja Pedersen og Terje Hunemo skal starte opp med ammekyr på Håsum. I det høvet har dei søkt næringsfondet om kr. 810.000,- i tilskot til eit isolert fjøs og gjødselekum, søknad sendt 28.04.25. Det er sendt inn eit kostnadsoverslag på kr. 8,1 mill. Grunna prisoppgang sidan januar har dei no oppgjeve estimert sluttkostnad til å bli om lag kr. 8,6 mill.

Dei søkte tidlegare om tilskot til eit uisolert fjøs, men dette har dei gått bort frå og sa frå seg tilskotet. Innovasjon Norge er med på denne nye satsinga med kr. 2,9 mill.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Legge til rette for berekraftige og grøne arbeidsplassar og ta vare på primærnæringane

Som tidlegare fortalt kjøpte Anja Pedersen og Terje Hunemo Håsum gbnr. 52/4 med Nordbø/Skåli for litt over 2 år sidan. Dei har no etablert seg her i kommunen og ynskjer å satse for å nyttiggjere seg dei ressursane som finnast på driftseininga. Etableringa med ammekuproduksjon er tenkt som ein deltidsarbeidsplass for både to som saman med Anja sin veterinærpraksis og Terje sin satsing som entreprenør gjev dei både to fulltidsarbeidsplassar. Dette er ei stor satsing med ein utvendig gjødselekum i betong og eit fjøs som skal byggast i massivtre med plass til 40 ammekyr + påsett og full framføring. Fjøset er isolert og med det vesentleg dyrare enn eit kaldtfjøs ville vore. Bortsett frå kostnaden så er det positivt med tanke på at dei får eit fjøs som med små endringar kan brukast som eit fjøs for t.d mjølkeku om dette skulle vere ynskeleg i framtida. I tillegg byggjer dei på ein av kommunens kaldaste områder og med eit isolert fjøs får dei høve til å ha blautgjødsele som tilfører meir næring på dyrka marka enn fastgjødsele gjer. Dei kan også ha kalvinga tidlegare på året og med det blir kalvane større når dei sleppast på utmarksbeite og nyttiggjer seg gras et på ein betre måte enn det mindre kalvar gjer.

Å få til aktiv landbruksdrift på den opprinelegge garden på Håsum att og å nytte beiteressursane på eignedomen i Fjellgardane er ei vesentleg satsing som klart tilfører auka sysselsetjing i kommunen og gjev eigarane ein større verdiskaping frå landbrukseigedomene deira. I tillegg kjøper dei areal inntil for å kunne dyrke fôr til buskapen. Dette viser ein stor vilje til å satse i landbruket. I søknaden er det lagt med kostnadsoverslag, teikningar, driftsplan og prosjektbeskrivelse. Driftsplanen frå landbruksrådgjevinga viser at det skal bli overskot i prosjektet. Desse vert ikkje lagt med som vedlegg i saka, men kan visast ved førespurnad.

Politikarane har vore ganske klare på at det ikkje skal ytast tilskot frå næringsfondet på den delen av investeringa som er dekt opp av tilskot frå Innovasjon. Sidan dei har fått 2,9 mill frå Innovasjon til dette prosjektet reknar vi då tilskotet ut på den delen som ikkje er finansiert med anna tilskot dvs. kr. 5,2 mill.

Sakshandsamar tilrår at det blir løyvd kr. 520.000,- til prosjektet. Dvs. 10% tilskot når finansieringsdelen frå Innovasjon er trekt frå. Men om vi legg oss på dei løyvingane som er gjeve til investering i driftsbygningar til husdyr dei to siste gongene er det 5,5 % tilskot på den delen som Innovasjon ikkje er med på. Det tilsvarer kr. 286.000,- tilskot. Desse to siste løyvingane er likevel ikkje i tråd med dei løyvingane som har vore gjeve til driftsbygningar i landbruket over ein lengre periode.

Vi gjev nokon viktige signal med å prioritere slike satsingar i jordbruket. Primærnæringane er berebjelken i lokalsamfunnet. Matproduksjon vil alltid vere svært viktig og vi har eit sterkt ynskje om å få gardsbruk utan busetjing bebudd att. Ved å overta landbrukseigedomar vert det pålagt buplikt og om dei som vert pålagt buplikt også investerer i ei aktiv jordbruksdrift vert det varig busetnad og ikkje berre i den perioden som buplikta varer. Om vi ynskjer busetjing på gardsbruka må vi vise det i aktiv handling. Mangesysleri har det alltid vore på gardsbruka i Vest-Telemark då dei færraste er store og robuste nok til å kunne leve berre av gardsdrifta. Men at gardsdrift er ein del av total sysselsetjing er viktig for varig busetnad og kulturlandskap. Gardsbruk i drift gjev også positive ringverknader for andre i kommunen som leverar tenestar til landbruket.

Ein annan effekt er også at når nokon satsar på landbruket gjev det smitteeffekt og fleire kjem etter. Dette gjev bulyst og varig busetnad og er så viktig for rekruttering til næringa. Og ikkje minst har vi eit uttalt mål om å auke dyretalet i kommunen, og der bidreg denne satsinga stort. Dessverre har dyretalet gått noko ned i det siste og vi har store unytta beiteareal i kommunen, så ein satsing på beitedyr er rett bruk av ressursar.

Konklusjon:

Med bakgrunn i den store satsinga dette er tilrår sakshandsamar at det vert løyvd kr. 520.000,- til prosjektet, noko som tilsvarer 6 % av det totale kostnadsoverslaget. Det tilsvarer 10% av dei resterande kostnadane når tilskotet frå Innovasjon er trekt frå. Dette er ei viktig satsing som får ringverknadar for landbruket i kommunen.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr. 520.000,- i investeringstilskot til Anja Pedersen og Terje Hunemo for å setje opp nytt isolert fjøs for ammekyr på Håsum, gbnr. 52/4. Løyving frå næringsfondet konto 1410.470, inneståande pr. 18.08.25 før vedtak er kr. 752.000,-.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Elin Skålid
	rådgjevar landbruk

